

# Ein gard ved verdas ende



Oase midt ute i den brunsviddede ørkenen omlag 3 500 m oppe i Andesfjella. Framme til venstre ser vi innhegninga med sauene.

**F**å bondekoner lever meir isolert enn Corina Plaza. Garden ligg i ein oase midt i den brunsviddede ørkenen i Andesfjella. Einaste naboen nektar ho å snakke med, og elles finst det ikkje menneske i mils omkrets. Du kan besøkje henne viss du vil; ho har nemleg byrja å spe på inntektene med ukommersiell turisme.

er det ingen naboar i mils omkrets. Ein skulle tru at syskena møttest av og til, men dei helse ikkje eingong på kvarandre. Uvenskapen går så langt at- tendinge i tid at ingen av dei lenger hugsar kvifor.

– Han er ond, seier Corina om broren.

**V**i går for å helse på han. Han vil ikkje ha besøk, meiner Corina. Vi trur henne nesten då hundane går amok ved synet av oss, og broren svarer



I Argentina:  
Heidi Hattestein og Frode Nordeide

**G**runnen til at vi plutsleg står på tunet til ei smilande Corina Plaza er ei lang historie. Viktigare akkurat no er at oasen byr på eit pusterom av tre, skugge og sildrande vatn; paradiset etter fleire dagar i firhjulstrekkar over det brunsviddede fjellplatået. Her er det så lite regn at ein epleskrott eller eit fotavtrykk varer i årevis, og så mykje sol at eldre menneske stort sett er blinde etter å ha myst mot den brennande kula eit heilt liv.

Det ligg to hus i oasen. I det eine bur Corina, i det andre broren Carlos, elles

*På ein krok på kjøkkenveggen heng pyntesakene til Corina. (Legg merke til saueskinnet som ho festar kammene i!)*



Corina Plaza er dronning i sin eigen oase.

med å hive steinar etter dei, men så snart det første oppstyret har lagt seg, helse han hyggeleg.

**H**an held på å klippe eit titals sauer med handsaks. Det finst ingen motoriserte maskiner på garden. Syskena lever av å selje ull frå sau og lama. Corina lagar i tillegg handarbeid av ull, blant anna tepper til å ha under hestesalen. Det er eit magert liv, men dei klarer seg. Husdyra gjer at dei har kjøt, og takka vere den vesle bekken som renn gjennom oasen, kan dei også dyrke grønsaker. Oppkomet av vatn gir eit spinkelt livsgrunnlag, men det er også det som skil dei, skal det vise seg.

- Den kvinna har teke vatnet frå meg, seier Carlos om systera og peiker bort på den meir frodige delen av oasen, der Corina i augneblinken jagar sauene ut på beite. Sauene labbar ut i ørkenen kvar morgon og kjem spretande attende til den trygge oasen kvar kveld – heilt av seg sjølve. Dyra livnærer seg på "paja", det stive graset som vekst i tustar her og der.

Alle kan sjå at Corina bur i den mest frodige delen av oasen; trea er merkbar større og vatnet klukkar høgare. Nokre gonger kan vatn vere tjukkare enn blod.

**K**anskje irriterer Carlos seg også over at systera har funne ein bigeskjeft. Corina har slått seg på lavskala turisme. I samarbeid med den italienske guiden Fabrizio Ghilardi, som har kontor i provinshovudstaden Salta, tilbyr ho enkel overnatting i oasen. Det vil seie, sjølve får vi tilbod om å sove i det kombinerte ullageret og "dusjen", dersom vi ryddar først. I staden vel vi eventyret under kvar vår teltduk.

*Det stive graset - paja - som sauene beitlar på ute på den tørrsvidde punaen.*



*Carlos Plaza, broren til Corina, bur også i oasen, men dei to snakkar ikkje saman.*

Opplegget er så lite kommersielt som det kan få blitt. Fabrizio er oppteken av å skåne både naturen og kulturen. Før vi køyrer inn på fjellplatået – eller "punaen" som det heiter på desse kantar – ber han oss ofre til Moder Jord, det beste vi har, vin og sigarettar. Det er ein høgst levande indianarskikk. Det heiter "apacheta" og betyr å gi frå seg litt vekt på reisa, ein stein frå heimstaden eller ein god tår. Ein spør om lov til å trengje inn i fjellriket. Det er difor ein ofte kan sjå ei steinrøys ved fjellovergangane. Og eit berg med tomflasker. Moder Jord – eller Pachamama som indianarane kallar henne – har litt

av ein appetitt på alkohol, nikotin og lama-blod.

Fabrizio kjem dessutan med ei skarp irettesetjing då vi held på å kaste ein epleskrott ut bilvindauget. Han vil ikkje at vi skal setje unødige spor etter oss i naturen.

**P**unaen er ein utilgjengeleg krok av verda, vel 3500 meter over havet. Her går ingen bussar, og det finst knapt vegar. I tillegg til tre menneske i oasen og knapt 100 innbyggjarar i byen Tolar Grande, bur det ein eremitt ved ei nedlagd gruve. Til saman 0,02 personar per kvadratkilometer. Ein gong i

*Kvar morgon jagar Corina sauene ut på punaen for å beite, og kvar kveld kjem dei spretande tilbake til den trygge oasen. Sauene gjeter seg sjølve.*



månaden besøker doktoren alle innbyggjarane, men denne månaden har dei ikkje sett snurten av han ettersom det visstnok skal vere festival i Tolar Grande.

Både fysisk og mentalt er eit besøk på punaen som å lande på ein annan planet. Tyngdekrafta pressar kroppen mot jorda med dobbel kraft, som om det faktisk er Jupiter ein sleper føtene hen over. Det er ikkje høgdesjoke – ein svært alvorleg tilstand der hjernen veks og pressar mot kraniet – men ein normal reaksjon på den tynne lufta.

**A**lle laga med klede og det utanomjordiske landskapet berre stadfestar kjensla av å vere på romferd. Det er mangelen på detaljar som tek pusten frå deg. Fargeflatene er store, og vinden dreg skyene ut som penselsstrok. Du kan sjå på kvar detalj i ei lita æve, før ein ny dukkar opp og fangar merksemda. Det vert tid til tankane, som elles i livet har ein lei tendens til å bli ståande og banke på.

Vi har sagt farvel til Carlos. Corina ser nysgjerrig på oss, men seier ingenting. To tunlam kjem springande på tynne, usikre føter. Dei har fått ein hard start på livet, utan mor. Corina matar dei med tåteflaske, først den sterkaste og mest levedyktige, etterpå den svake og avmagra tvillingbroren.

– Pobresito, trøstar ho. – Stakkars liten.

Lamma syg seg fast i tåteflaske med overraskande styrke og livsgnist, også minstemann. Skal sjå dei klarer seg.

*Kombinert ullager, dusj og gjesterom for besøkjande.*



*Her er den vesle bekken som gjer at folk og dyr i det heile teke kan bu her.*

Fabrizio førebur ”asado”; grillmaten som har foreina argentinarane i generasjonar. Meir enn mat er det ein seremoni som må følgjast til punkt og prikke. Alle deltek i førebuingane, og det skal ta lang tid.

Corina kneggar og ler; ho legg ikkje skjul på at den europeiske versjonen har visse manglar. Då maten omsider er ferdig, legg ho heller ikkje skjul på at resultatet er deretter. Det er frigjerande å bli teken så lite på alvor!

**N**este morgon vaknar vi av ein hane på andre sida av den tynne teltduken. Corina lagar heimedyrka peppermynstete, og vi slurpar i oss den livgjevande eliksiren medan morgonsola sakte jagar nattekulda på flukt. Sjølv no på sommaren søkk temperaturen ned under null på natta; det veit éin av reisefølgjet alt om etter fleire nattlege besøk på utedoen som konsekvens av nokre lukkelege blindpassasjerar i mageregionen.

Vi har ikkje lyst å forlate oasen og utset avreisa i det lengste. Fabrizio kjøper eit par ullteppe av Corina og spør kva ho ønskjer at han skal ta med neste gong han kjem.

– Cocablad, spør ho forventningsfullt. – Eg vil ha cocablad og ein kassettspelar!

Smilet ho gav oss litt tidlegare, då vi betalte for overnattinga, er ingenting samanlikna med det som breier seg i ansiktet idet Fabrizio bøyer seg inn i bi-

len og fiskar fram ein pose cocablad. Tanngarden går heile vegen rundt!

Reaksjonen er normal i Andesfjella. Inga gåve er meir kjærkomen enn cocablad, og det er ikkje fordi folk er narkomane. Servert som te er cocablad på linje med ein god kopp kaffi. Vanlegare er det å tyggje blada med ein katalysator, for eksempel gjær, men sjølv då er effekten først og fremst at ein toler svolt og høgde betre. Cocablad er på linje med ein heilt lovleg sigarett.

Kokain derimot – det mykje sterkare stoffet som også vert framstilt av cocaplanten – er ei anna sak, primært eit problem i USA og Europa. Men dermed er det også eit politisk problem for land som Argentina, Bolivia og Colombia. USA viser den økonomiske og diplomatiske breisida for å tvinge landa til å stoppe dyrkinga; eit håpløst prosjekt ettersom cocablad er ein inngrodd del av den andinske kulturen, medan kokain – for å ty til klisjear – vert inntekte i rådyre omgjevnader i Vesten.

**C**orina ser ingen grunn til å vere politisk korrekt. Ho kneggar lukkeleg, etter kvart velkjent, og gnir seg i hendene. Det er ingen måte ho kan vere sjølvberga på, ettersom cocaplanten vert dyrka i det våte låglandet i jungelen.

Tidlegare på dagen fekk Carlos same tilbod. Han ville ha cocablad. Og mat til hundane.